

Lengten etter far – lengten etter mor: Sunnhordland årbok 2017

Prosjektskiltring:

Kjernefamilien har alltid vore eit avgjerande arbeidsfellesskap for livet langs kysten. Mor hadde sine faste ansvarsområde og far sine, og likeeins dei eldste i søskenflokk. Alle var avhengige av at desse pliktene og arbeidsoppgåver vart utførte. Difor vart livet straks meir krevjande om far reiste til sjøs, eller mor var innlagt på sjukehus i lange tider. For ikkje å snakke om dersom far kom bort på sjøen, eller mor døydde frå ein stor barneflokk. Korleis endra det livet til enkeltmenneske og til familien?

Opplivingar i barndommen sit att i sinnet vårt heile livet, på godt og vondt. Dei er med og formar oss og gjer oss til den vi er. «Det som ikkje knekkjer deg, gjer deg sterkare», heiter det. Kanskje er det heller slik at nokre dører i oss lukkar seg om utfordringane blir for store, slik at vi gjer andre val enn vi elles ville ha gjort, mens andre dører opnar seg når vi meistrar det som livet krev av oss.

Lengten etter far og lengten etter mor har sett sine spor i mangt eit barnesinn i Sunnhordland, som elles i landet. Den har kanskje forma framtida òg, ved å påverke val ein har gjort for eige liv. I Sunnhordland årbok 2017 ynskjer vi å løfte fram desse forteljingane for på den måten å sette familien og familieliv i fokus, og søskenkjærleik og samhald når livet vart vanskeleg. Samstundes får vi høyre mange ulike barndomsskiltringar, og til saman gir alle desse forteljingane oss eit sterkt og nært folkelivsbilde frå Sunnhordland, om lag 1930-1980.

Forteljarane våre har vore modige og delt både gode og vonde minne med oss. Skiltringane er personlege og ærlege, og gir oss som skriv årboka i år ein unik innsikt i kor avhengige vi har vore av kvarandre i ein familie. Er det framleis slik, eller er vi blitt så sjølvstendige og individ-fokuserte at familien ikkje har så mykje å seie lengre? Forteljingane er skrivne i «eg»-form av formidlingsleiar Johanne Øvstebø Tvedten, og byggjer på seks intervju frå fleire kommunar i Sunnhordland. Her er nokre eksempel:

- Sønneva Føien (f. 1926): Ein søskenflokk på seks mister mor si. Den yngste er berre 2 månader.
- Åge Grutle (f. 1952): Far var kaptein og ute til sjøs i 2 år om gongen. Døydde til sjøs, 52 år gamal.
- Karin Maria Korsvik (f 1942): Far var tysk soldat som omkom på Austfronten. Mor sat fast i Tyskland utan statsborgarskap, og Karin vart sett vekk til fosterforeldre på Fitjar.

Sunnhordland museum har også tatt ansvar for å hente inn bilde frå kvar enkelt forteljar sin oppvekst og familie. Desse blir skanna og sett inn i boka som illustrasjonar av forteljingane. Dette trur vi vil gjere årboka ekstra verdfull og interessant, og skape gjenkjenning. Det blir ei årbok som vil vekke til live eigne forteljingar hos lesaren, og kanskje føre til viktige samtalar om oppvekst, opphav og identitet i mange familiar.